

Vår ref.:
26/02313-3

Vår dato:
03.03.26

Referat IDF-møte - styresaker - 27.02.2026

Tid og stad: Fredag 27. februar 2026 kl. 12.00 – 13.30, teams

For partane møtte:

Arbeidstakar:

Gjert Anders Askevold	Forskerforbundet
Tor Ragnar Hjelmtveit	bisittar UNIO / Utdanningsforbundet
Jan Ove Rogde Mjånes	Akademikerne
Karl-Eric Melander	YS Stat / Parat

Karin Bell	Hovudverneombod (HVO)
------------	-----------------------

Arbeidsgjevar:

Gunnar Yttri	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Linn Melby Meyer	Seniorrådgjevar HR (sekretær)

Forfall:

Øystein Backelin	LO stat / NTL
------------------	---------------

Saker til styremøte 2/2026

Etter avtale med rektor orienterte organisasjonsdirektør i dette møtet om styresakene. Rektor deltok for å svare ut eventuelle spørsmål.

Vedtakssaker

6/26-B – Årsrapport 2025 for Høgskulen på Vestlandet

Organisasjonsdirektør orienterte.

HVO spelte inn at det i årsrapporten i kapittelet knytt til «styring og kontroll» manglar informasjon og omtale av korleis medverknad etter arbeidsmiljølova vert gjennomført. HVO viser vidare til at det i fleire punkt bør orienterast om vernetenesta og tillitsvalde har vore med i arbeidet. Spesielt bør dette omtalast knytt til den systematiske risikoverkstaden som har blitt gjennomført.

HVO viser til at internkontroll etter arbeidsmiljøforskrifta er omtala.

Akademikerne viser til at medverknad er viktig og må ivaretakast på ein god måte. Vidare er det viktig med gode indikatorar ein kan målast opp mot, som ein kan vidareutvikle for nye mål dei neste 5-7 åra.

7/26-B – Rekneskap 2025

Organisasjonsdirektør orienterte.

Arbeidstakarorganisasjonane er positive til rekneskapen som ligg føre og rosar det arbeidet som er gjort i organisasjonen. Stiller samstundes spørsmål om vi i prosessen har spart litt for mykje tidlegare som no har gått utover den menneskelege ressursen.

FF viser til ei bekymring for administrative tilsette, spesielt knytt til studieadministrasjonane og Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon, der det har vore høgt press på einskilte personar. Akademikerne trekk fram at det ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS) har vore ei stor belastning for fagtilsette med større studenttilfang med lågare råmer enn tidlegare. Organisasjonane er samde i at leiinga i det vidare arbeidet må ha fokus på dette.

FF stiller spørsmål om avtale mellom Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) og rektor, knytt til regulering av kor store avsetnader fakultetet kan ha. Rektor viser til at dette heng saman med ny fordelingsmodell og blir fordelt til institusjonsnivået.

Akademikerne viser til at det er positivt at mindreforbruket frå fellesadministrasjonen vert fordelt inn i fakulteta for å auke basisfinansieringa. Viser til at det er viktig å bruke midlane FLKI har oppspart på ei god måte, og ein må omsette dette i gode handlingar.

8/26-B – Revidert Budsjett 2026

Organisasjonsdirektør orienterte.

FF viser til at det er mykje bra i saka men har behov for ein del avklaringar og å peike på nokre manglar. Budsjettet gjev ikkje full oversikt fordi eksterne inntekter ikkje er inkludert. Dette gjer det problematisk å sjå heile bilete. Vidare viser FF til at budsjettprosessen burde vere starte tidlegare slik at ein ikkje må vente til februar for endeleg budsjett for 2026.

FF stiller spørsmål på kva dei frigjorte 11 millionane kjem ifrå, og kva det har gått ut over? Vidare vert det stilt spørsmål om kva som er forskjellen mellom institusjonsmidlar og fellestenester.

Organisasjonsdirektør viser til at dei frigjorte midlane kjem frå rammefordelingsmodellen og dei eksterne midlar som har komet inn frå FLKI. Det har såleis ikkje gått ut over fellestenestene, men gir igjen moglegheit til å styrke basisen til fakulteta i år.

Rektor tek med seg tilbakemeldinga om å vere meir tydeleg på forskjellen mellom kva som meinast som institusjonsmidlar og fellestenester vidare. Desse postane må ikkje blandast i hop. Institusjonsmidlane til HVL dekkjer i hovudsak kostnader knytt til det å drive høgskulen t.d. bygg, energi og forsikringar. Ressursar til fellestenester omhandlar dei tilsette og leveransane i administrasjonen.

Parat viser til det vidare arbeidet, der ein kan for å tydeleggjere endringane i budsjettet legge til ei kolonne i fleire av tabellane som viser resultatrekneskapen for 2025. Det er også ønskjeleg å få fram personalkostnadane/lønnskostnadane slik at ein kan sjå utviklinga mellom fakulteta og fellesadministrasjonen.

Akademikerne viser til at ekstra midlar ved FLKI må omsettast til vidare utvikling av aktivitet ved fakultetet, som til dømes rekruttering der ein tidleg kan hjelpe tilsette med kompetanseløp frå høgskulelektor til førstekompetanse. Vidare anerkjenner Akademikerne at det vert sett av kostnader til oppgradering av IT utstyr.

9/26- B – Første utkast til utviklingsavtale 2027-2030

Organisasjonsdirektør orienterte.

Akademikerne peikar på at det må vere ei viss realisme i måla som blir sett opp, og at dei er mogelege å gjennomføre for oss som institusjon. Det må kunne omsettast til noko vi skal klare å få til. Vidare er det viktig å få definert ord og uttrykk og kva det har å seie i denne konteksten som t.d. «samskapande».

Orienteringssaker

O-5/26 – Orientering om Studiebarometeret 2025

Organisasjonsdirektør orienterte.

HVO viser til at det er positivt at studentane er meir fornøgde, og ein merkar godt at studentane er meir tilstades på campus.

Akademikerne vil berømme FLKI for arbeidet som har blitt lagt ned, det er viktig å fortsette det gode arbeidet. Overordna er vi no nær det nasjonale snittet på 4.0.

Akademikerne viser til at tala ser bra ut overordna, men viser til at det er vanskeleg å få fram kva studentane krev frå punktet «tilknyting til arbeidslivet». Det vert arbeid med gode tiltak og god tilknyting til arbeidslivet gjennom praksisperiodar og gjesteforelesarar, men dette er eit sektorproblem.

Akademikerne viser til at studentane ønskjer meir opplæring av KI, for å få dette til må også HVL som institusjon levere opplæring til dei tilsette for å kunne vere ei del av løysinga.

O-6/26 – Universitetsprosjektet – status våren 2026

Organisasjonsdirektør og rektor orienterte.

Organisasjonane kom med to innspel til denne saka. For det første er ein spent på korleis det gjekk med gjennomgangen av kvalitetssystemet, ein håper på positiv tilbakemelding når rapporten blir tilgjengeleg for HVL. Rektor viser til at rapporten blir tilgjengeleg i midten av mars, men viser til at sjølv om prosessane er avhengige av kvarande, stoppar ikkje arbeida opp om kvalitetssystemet skulle bli underkjent.

Det andre innspelet er at tillitsvalde gjerne vil delta i intervjurundane med NOKUT. Dei representerer den store tilsettemassen og har eitt godt overordna blick på korleis ting vert gjennomført i HVL.

Rektor takka for innspel, og verdset at tillitsvalde er informerte og engasjerte. Han tek med seg innspelet inn i prosjektet og i den vidare dialogen med NOKUT.

O -7/26 – Løypemelding: felles rammeplan for lærarutdanningane

Rektor orienterte.

Organisasjonane saknar sakspapir på denne saka, og stiller difor spørsmål om korleis prosessen har vore handtert i fakultetet. Rektor viser til at dette er ei løypemelding og at det vil komme sak om prosess vidare, per no ønskjer ein å kunne orientere styret på eitt tidleg tidspunkt.

Akademikerne viser til at arbeidet med å utarbeide felles rammeplan er viktig og at det er viktig at HVL er tidleg med, der ein setter av nok tid og ressursar for å få til ein god og samansett prosess i dette arbeidet.

O -8/26 – Årsrapport personvernombodet 2025

Organisasjonsdirektør orienterte.

Organisasjonane og HVO viser til at det er ein god rapport som er lagt fram. Det er viktig å sjå til dei problemstillingane ombodet peiker på både knytt til ressursar og støtte til å gjennomføre arbeidet. Rektor viser til at HVL arbeider med å følgje dette opp. Mykje av dette handlar også om opplæring av eigne tilsette, slik at vi alle er medvitne om å ta i vare omsyna til personvern i våre virke.

O-9/26 - Campusrelevant tema - styremøte 2/2026 - Førde 4. - 5. mars 2026

Organisasjonsdirektør og rektor orienterte kort.

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen handskrivne signaturar.